

Saksprotokoll

Utval: Økonomiutvalet
Møtedato: 12.11.2018
Arkivsak: 18/1743

Sak: 8/18

SAKSPROTOKOLL - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2019 - 2022

Behandling:

Forslag frå Torbjørn Hovland –krf

Innstillinga punkt 6, underpunkt 2 vert utvida med følgjande setning:
Slike endringar skal rapporterast i tertialrapporten.

Votering:

Innstillinga punkt 1 til punkt 6, **inkludert utvidinga av punkt 6, underpunkt 2**, fekk 9 stemmer.

Økonomiutvalet 12.11.18 sak 8/18

Samrøystes TILRÅDING til formannskapet:

1. A. Forslag til budsjett for 2019 og økonomiplan for 2019-2022 i skjema 1A, 1B, 2A, og 2B vert godkjent.
- B. Nettoramme for kvart rammeområde for 2019 vert lagt til grunn i utarbeidinga av rammene for 2020.
2. Forskotsskatt og forskotstrekk på formue og inntekt vert rekna etter dei maksimale satsar Stortinget vedtek for 2019.
3. A. Til finansiering av investeringar i 2019 vert det godkjent eit samla låneopptak på kr 119 472 000,- som fordeler seg slik:
 1. Ordinære investeringar kr 94 472 000,-
 2. Lån til vidare utlån frå Husbanken (Startlån) kr 25.000.000,-
- B. Nedbetalingstid på nye lån 2019-2022, ekskl. lån i Husbanken, skal ikkje overskride 30 år.
Nedbetalingstid på lån i Husbanken skal ikkje overskride 25 år.
- C. Låneopptaka vert gjort i samsvar med retningslinjer og innanfor fullmakter i gjeldande finansreglement.
- D. I medhald av forskrift om startlån frå Husbanken krev Klepp kommune inn eit administrasjonsgebyr på 0,25 % pr. utlån.
4. A. Framlegg til mål for tenestane 2019 vert godkjent.
- B. Under område økonomi vert lagt til grunn følgjande mål – i % av driftsinntektene:

1. Netto driftsresultat i % av driftsinntektene: > 1,5 %
2. Lånefinansiering i % av finansieringsbehov < 70 %
3. Disposisjonsfond i % av driftsinntektene > 5 %
4. Netto lånegjeld (langsiktig gjeld – utlån - ubrukte lån) i < 60 % av driftsinntektene

5. Kommunale avgifter/gebyr og betalingssetter vert vedtatt i samsvar med vedlegg.

6. Rådmannen får fullmakter til å:

1. fordele lønnsreservane i skjema 1A til sentraladministrasjonen og tenesteområda i skjema 1B i samsvar med resultat av lønnsforhandlingane.
2. omdisponera årsverk mellom tenesteområda og sentraladministrasjonen i skjema 2B når desse har stabs- og administrative funksjonar. Slike endringar skal rapporterast i tertialrapporten.
3. flytte mellom investeringsprosjekt i 2B når desse er av teknisk art og gjeld fordeling av fellesbudsjetterte middel til delprosjekt.